



ORKide  
c/o Nordmøre næringsråd, Postboks 161, Kongens Plass  
6501 KRISTIANSUND N

## **Nordmøre regionråd - Tildeling av ekstra skjønnsmidlar knytt til kommunereforma i 2015**

Vi viser til brev frå oss datert 24.02. 2015 der Fylkesmannen gjev melding om at ORKide blei tildelt 1 mill. kroner i skjønnsmidlar knytt til arbeidet med kommunereforma i 2015.

I dialog og samarbeid med kommunane og regionråda i fylket vel Fylkesmannen å tildela ORKide kr. 500 000 ekstra til arbeidet med kommunereforma i 2015. Fylkesmannen har sendt brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet der vi ber dei tildele skjønnsmidlane. Kommunane, i dette tilfellet Kristiansund kommune, må være merksam på at pengane blir utbetalt som ein del av rammetilskotet. Tildelinga vil bli spesifisert i eigen kolonne – «*Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen*». Vi viser også til brev datert 22.10. 2015, som er sendt frå Fylkesmannen til kommunane, der det blir gjeve informasjon om ekstra tildeling av skjønnsmidlar som blir utbetalt i termin 10, i november 2015.

Fylkesmannen viser til brevet for første tildelinga av skjønnsmidlar når det gjeld fylkesmannen sin rolle i arbeidet med kommunereforma, forventningar til regionråda ved tildeling av skjønnsmiddel og rapporteringar. Det same gjeld for denne ekstra tildelinga av skjønnsmiddel på dei nemnte områda.

Skjønnsmidlane blir utbetalt til den kommunen regionrådet sett som søkarkommune, i dette tilfellet Kristiansund kommune. Søkarkommunen står ansvarleg for at skjønnsmidlane blir overført til ORKide. Det er søkarkommunen som har det formelle rapporteringsansvaret til fylkesmannen, men i dette høvet vil det vere naturleg at regionrådet tek seg av dette.

Det blir Kristiansund kommune som formelt er ansvarleg for rapporteringa til oss og vidareformidlinga av informasjon sendt frå oss, men i dette tilfellet vil det då vere naturleg at Nordmøre regionråd tek seg av dette.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
Ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

kopi:  
Kristiansund kommune Langveien 19 Postboks 178 6501 KRISTIANSUND N